



NVE

Grunngjeving for vedtak

Uttak av grunnvatn til industriformål og reservevassforsyning i Nordre Vartdal

Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshaver	VD Eiendom Vartdal AS
Referanse	202410754-9
Dato	02.02.2026
Ansvarlig	Silje Aakre Solheim
Saksbehandler	Marianne Ask

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.settes automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Innhald

Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	6
NVE si vurdering	7
NVE sin konklusjon	10
Forholdet til plan- og bygningslova	11
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	11
Andre forhold	12

Samandrag

VD Eiendom Vartdal AS søker om løyve til å ta ut inntil 15 l/s grunnvatn i periodar på inntil 4 månader per år. Vatnet skal nyttast til kjølevatn i plastproduksjon og skal i tillegg fungere som reservevasskjelde for Vartdal vassverk. Vassforsyning til vassverket skal prioriterast dersom det oppstår eit kapasitetsproblem.

VD Eiendom Vartdal AS har i konsesjon frå 2021 løyve til å ta ut same vassmengd frå to lausmassebrønner på Vartdalsstranda ved utløpet til Storelva/Nordrevartdalselva til sjøen. Det er problematisk at desse er påverka av saltvatn, og dei ynskjer difor å etablere nye brønner ca. 250 m lenger oppe i dalen. Området ligg på fulldyrka landbruksjord mellom Storelva og Årskogvegen.

NVE skal berre behandle plassering av grunnvassbrønnane og grunnvassuttaket. Tiltakshavar må sjølv søkje kommunen om dispensasjon til endra arealformål. Vassleidning og tilhøyrande infrastruktur skal også vurderast og behandlast av kommunen etter plan- og bygningslova.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Både **Ørsta kommune** og **fylkeskommunen i Møre og Romsdal** legg vekt på at matjorda er ein ressurs som skal takast vare på. Sidan tiltaksområdet i reguleringsplanen er avsett til LNF, må det søkjast om dispensasjon, og brønnane må planleggast slik at desse minst mogleg beslaglegg fulldyrka jord. Kommunen nemner også vernesona langs vassdraget, og at eventuell vassleidning må trekkast bort frå kantvegetasjonen langs Storelva. **NGU** har ingen faglege innvendingar, mens **Mattilsynet** er positive og meiner Vartdal vassverk vil vere betre rusta til å møte utfordringar i tida framover.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kvifor gjev NVE løyve?

VD Eiendom Vartdal AS ønskjer å gå bort i frå brønnane på Vartdalsstranda og etablere nye brønner lenger oppe i dalen for å unngå inntrenging av saltvatn. Dei har allereie konsesjon til å ta ut 15 l/s til kjølevatn i inntil 4 månader i året, men dei har sendt inn ein ny konsesjonssøknad fordi formålet med vassuttaket er endra og i tillegg skal fungere som reservevasskjelde til Vartdal vassverk.

Uttaket av vatn er planlagt frå mektige breelvavsetningar nær Storelva/Nordrevartdalselva, og reservoaret har god kapasitet. NVE meiner tiltaket vil sikre trygg vassforsyning i kommunen, og vidare sikre tilstrekkeleg med ferskvatn til kjøling i forbindelse med Vartdal Plast AS sin produksjon av plastemballasje.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande fråsegnene, meiner NVE at fordelane av tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev VD Eiendom Vartdal AS løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn på inntil 15 l/s og 2200 m³/veke. Uttaket kan skje i inntil 4 månader i året. Løyvet er gjeve på nærmare fastsette vilkår.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå VD Eiendom Vartdal AS, datert 11.06.2024:

«Etter vassressurslova, jf. 45, om løyve til:

- Å ta ut gjennomsnittleg 1300 m³/døgn, tilsvarande 15 l/s, grunnvatn i periodar på inntil 4 mnd. pr. år.

Vatnet skal brukast som reservekjølevatn til POLY-HAR og reservedrikkevatt til Vartdal vassverk.»

Hovuddata for uttak av grunnvatn

TILSIG STORELVA VED TILTAKET		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	18,2
Årsnedbør	mm	2396
Middelvassføring	l/s	1381
Alminneleg lågvassføring	l/s	67
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	160,2
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	52,8

GRUNNVASSUTTAK

Inntak	moh.	ca. 18
Maksimalt uttak	l/s	Inntil 15 l/s i 4 mnd/år
Antall brønner	stk.	3

Om søkjar og grunngeving for tiltaket

Vartdal Plast AS leverer i dag emballaseløysingar til mat, isolasjonsprodukt til bygg og beskyttande emballasje til tekniske produkt. Konsernet har avdelingar ved Vartdal, Ualand, Hjelmeland, Biri, Bodø, Steigen og Liadal. VD Eiendom Vartdal AS er eigedomsselskapet i konsernet, som eig grunn, eigedomane og rettigheter ved fabrikkens på Vartdal.

Målet for tiltaket er todelt:

- 1 Vartdal Plast AS har behov for vatn til å kjøle ned resirkulert vatn frå produksjonen. I byrjinga fekk fabrikkens vasstilførsel frå det lokale vassverket i Vartdal og ei lita elv ved sida av fabrikkens, Merkingselfva. Elva ligg i eit svært bratt terreng, og i periodar med lite nedbør er vassføringa låg og bedrifta sitt vassbehov vert ikkje dekt. I 2011 blei det difor bora to prøvebrønner i lausmassar ved Storelva/Nordre vartdalselva i Nordre Vartdal, med sjøvassleidning over 2 km til fabrikkens. NVE gav konsesjon til uttak av grunnvatn frå desse brønnane i 2021 (NVE sin referanse 201836297-13). Det har i ettertid vist seg at brønnane er utsette for saltinntrenging, og det er difor naudsynt med ny vasstilførsel.
- 2 Uttaket av grunnvatn skal også tene som reservevassforsyning for Vartdal Vassverk. Det føreligg avtale mellom vassverket og VD Eiendom Vartdal AS om dette.




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Skildring av området

Tiltaksområdet ligg i Møre og Romsdal i Ørsta kommune. Grunnvassførekomsten er i Vann-Nett registrert med ID 095-776-G.



Figur 1 Vassuttaket er planlagt i Nordre Vartdal. Kartutsnittet til høgre viser LNF-området med dyrka mark kor nye brønnar er planlagt etablert.

Nordre Vartdal er ei lita bygd langs Vartdalsfjorden i Ørsta kommune. Bygda ligg på Vartdalsstranda som ligg ved munninga av Ådalen. E39 går rett gjennom bygda. Ådalen er ein typisk U-dal som har bratte fjellsider i aust og vest, og har store områder med dyrka mark i dalbotnen. Storelva/Nordre vartdalselva renn i dalbotnen og ber preg av omfattande utretting utført mellom 1961 og 1981. Eksisterande lausmassebrønnar og dagens vassuttak er etablert nedstrøms E39 på Vartdalsstranda, mens dei nye brønnane som det no er søkt om skal etablerast i ein grunnvassførekomst som ligg ca. 200 m oppstrøms E39. Sjå figur 1.

Beskriving av grunnvassførekomsten

Lausmassekart viser hovudsakeleg elve- og bresjøavsetningar i dalbotnen, i tillegg til nokre avsetningar med morene- og skredmateriale. I tiltaksområdet er det morene- og bresjøavsetningar. Kartet viser også marine avsetningar i vikene på kvar side at Vartdalsstranda. Ein samanstilling av boringane er vist som eit lengdesnitt i figur 2, og lagdelinga tyder på at grunnvassførekomsten er lukka ved at eit tett lag med silt og leire ligg over den vassførande grusen. Storelva har eit nedslagsfelt ved tiltaket på 18,2 km², og nydanninga av grunnvatn skjer ved infiltrasjon i grunnen, enten direkte frå nedbør, snøsmelting og ved infiltrasjon frå elva i periodar. Middelvassføringa for feltet er på 1381 l/s. Temperatur måla under prøvepumping i testbrønn er samanlikna mot temperaturen i elva og viser at temperaturen på grunnvatnet er stabil på ca. 7 grader, mens temperaturen i elva varierer. Det er dermed ikkje direkte innstrøyming frå elva til grunnvassmagasinet med dei planlagde brønnane.

Teknisk plan og arealbruk


Dei nye produksjonsbrønnane ligg på eit fulldyrka jorde ca. 330 m målt i luftlinje frå fjorden (figur 3). Tiltakshavar opplyser at produksjonsbrønnane vil få vegtilkomst. Dei skriv at det er etablert fem




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

brønnar, kor ein er brønn for prøvepumping og dei resterande er observasjonsbrønnar. Det er planlagt at tre av desse brønnane skal fungere som produksjonsbrønnar. Alle brønnane har loggeutstyr, og etter to år skal det vurderast justering av måleprogrammet. Leidning frå nye produksjonsbrønnar skal skøytast på eksisterande sjøleidning som ligg i fjorden. I samarbeid med Vartdal vassverk skal det etablerast vassbehandlingsanlegg og plan for vern av vasskjelda slik at den kan klausulerast med tanke på godkjenning hos Mattilsynet. Sidan vassførekomsten ligg under tjukt lag av tettande massar, vil inngjerdinga ha ein maksimal radius på 5 m. Vartdal vassverk er ansvarleg for distribusjonssystemet frå vassbehandlingsanlegget.



Figur 2 Lengdesnitt gjennom grunnvassførekomsten henta frå søknad. L= lite vatn, M= mykje vatn og SM= svært mykje vatn



Figur 3 Kartutsnittet er henta frå søknaden og viser plasseringa av brønn 1, 2 og 3.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Eigedomsforhold

Brønnane er planlagde på eigedom gnr./bnr. 96/7 og Leif Andreas Vartdal er grunneigar.

Forholdet til offentlege planer

Kommuneplan, reguleringsplan og verneplan for vassdrag

I søknaden opplyste tiltakshavar om at området ikkje er regulert på detaljnivå og heller ikkje del av Ørsta kommune sin kommuneplan. Dette vert påpeika av Ørsta kommune i forbindelse med høyringa at ikkje stemte, og viste til utdrag frå planen:

«Det aktuelle arealet ligg i kommuneplanen sin arealdel i LNF sone C med føresegn: «Landbruks, natur- og friluftslivområde. I desse områda kan det berre gjevast løyve til bygging og frådeling i samband med tradisjonell stadbunden næring som har direkte tilknytning til landbruket. Oppføring av fritidshus kan tillatast men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormyndigheit ikkje har merknader....»

Det gjeld også ei 50 m vernesone langs vassdrag med slikt føresegn: «Der ikkje anna er bestemt ved reguleringsplan, er det langs desse vassdraga forbod mot byggje- og anleggstiltak nærmare strandlinja enn 50 m målt ved gjennomsnitts flomvasstand (jfr. Pbl §§81, 84, 86a, 86b og 93) Føresegna gjeld ikkje forbygningstiltak i samsvar med forbygningsplan etter vassdragslova og kommunaltekniske anlegg».

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine egne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via NVE sine nettsider.

NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Ørsta kommune uttalte i brev **23.09.2025** at omtalen av planstatus i søknaden er feil og at det aktuelle arealet i kommuneplanen sin arealdel ligg i LNF-område, sone C, og at det i tillegg er ei 50 meters vernesone langs vassdraget. Dei opplyser vidare om at tiltaket vil vere i strid med gjeldande arealføremål og må handsamast som ein dispensasjon. Utover dette, meiner kommunen at det er viktig at bygdene på Vartdalsstranda får tilgang til nok og sikker vassforsyning. Dei nemner også at vassforsyning har vore ei utfordring i kommunen og at etablering av dei nye brønnane vil dekkje dette behovet. Kommunen meiner også at eventuell vassleidning må leggjast slik at den ikkje går utover eksisterande kantsone til elva.

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal sendte inn innspel **13.10.2025** og legg vekt på at tiltaket må utformast slik at det beslaglegg minst mogleg fulldyrka jord, og at arronderinga blir slik at jorda framleis kan nyttast til jordbruksproduksjon. Dei påpeiker også at det ikkje er lagt ved kart som viser trasé for vassleidning, og at søknaden beskriv at denne skal gå langs elva. Fylkeskommunen meiner det er viktig at kantsona blir ivaretatt. Elles ynskjer dei ei synfaring med tiltakshavar for å vurdere tiltaka i samanheng, samstundes som dei kan vurdere nærmare om det vil være naudsynt med ei arkeologisk registrering.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mattilsynet sende uttale den **01.10.2025**, kor dei støttar VD Eigedom Vartdal AS sine planar om å betre reservevassforsyninga til Vartdal vassverk, og meiner vassverket vil vere betre rusta til å møte utfordringar i framtida når reservevassforsyninga er etablert. Videre påpeiker Mattilsynet at dei ikkje har motteke opplysningar om prøvepumping, om det er utført analysar som viser vasskvalitet eller om kjelda har god nok kapasitet til å vere reservevasskjelde, og dei opplyser om at dette er ein føresetnad for å kunne etablere reservevassforsyning.

Norges geologiske undersøkelse uttalte **26.08.2025** at dei har gjort ei vurdering av dei hydrogeologiske betraktningane som ligg til grunn for det omsøkte uttaket av grunnvatn, og at dei ikkje har faglege innvendingar til søknaden.

Tiltakshavar gav tilsvaret til uttalene **21.11.2025**. Til Ørsta kommune skriv dei at tiltakshavar vil søkje om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Dei nemner at tiltaket er viktig for søkjar, men minst like viktig for Vartdal vassverk som ikkje har reservevatn slik som er kravd i forskrift om vassforsyning og drikkevatt.

Til Møre og Romsdal fylkeskommune informerer dei om at dei vil ta kontakt med kulturavdelinga for å gjere avtale om felles synfaring. Dei nemner også at vassleidninga vil gå i fylkesvegen oppe ved brønnane.

NVE si vurdering

NVE vurderer berre vassuttaket og plassering av brønnane. Veg, leidningar og pumpehus må vurderast av kommunen gjennom plan- og bygningslova.

Hydrologiske verknader av tiltaket

Ved grunnvassførekomst har Storelva/Nordrevartdalselva eit nedbørfelt på 18 km² og middelvassføringa er i Nevina berekna til 1381 l/s. Lågaste vassføring opptre om vinteren, og 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 160 og 53 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 67 l/s. Det skal etablerast tre produksjonsbrønner, og uttaket vil samla vere gjennomsnittleg 15 l/s i inntil fire månader per år. Dette inneber at 1 % at middelvassføringa vert nytta til kjølevatt/reservevatn, medan uttaket ved lågvassføring er på 22 %. Laget med leire i dalbotnen avgrensar Storelva frå grunnvassførekomsten, slik at uttaket av grunnvatn ikkje vil redusere vassmengda i elva direkte. Grunnvassførekomsten ligg under laget med leire, der det er grusavsetningar som har god evne til å lede vatn. Det kjem om lag 2400 mm med nedbør i året, det er ingen andre kjente grunnvassuttak i dalen, og ut i frå NVE si vurdering, tilseier dette at grunnvassførekomsten har god kapasitet.

Vassuttaket er avgrensa både i storleik og tid, og grunnvassførekomsten har god kapasitet. NVE meiner difor at vassuttaket ikkje vil påverke grunnvassførekomsten i nemneverdig grad.

Forholdet til naturmangfaldlova

Det er ikkje utarbeida rapport om naturmangfald i forbindelse med planane. Søk i Naturbase og Artskart 25.11.2025 viser ingen verdsette naturtypar i nærleiken av dei planlagde brønnane. Artskart viser at fuglane hettemåke (CR) og storspove (EN), som er kritisk- og sterkt truga, har tilhald i området, men desse vil ikkje bli påverka av planane. Storelva/Nordrevartdalselva har oppgang av anadrom laksefisk (NT), men grunnvassuttaket vil ikkje påverke vassføringa i elva nemneverdig. Statsforvaltaren i Vestland uttala til eksisterande konsesjon at det var lite som tyda



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

på at uttaket ville påvirke hydrologien eller det biologiske mangfaldet i området. Både Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune meiner kantsona må bevarast. Tiltakshavar skriv i kommentarar til innspela at ny vassleidning ved brønnane skal leggst langs fylkesvegen.

NVE meiner at vassuttaket ikkje vil påvirke vassføringa i elva i nemneverdig grad. Vi er også einige med kommunen og fylkeskommunen om at kantsona ikkje må forringast, og meiner at så lenge kantvegetasjon blir ivaretatt i samband med planane, vil ikkje tiltaket forringe det biologiske mangfaldet nemneverdig.

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om grunnvassuttak i Nordre Vartdal legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 27.01.2026 Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til grunnvassbrønnane finst det **hettemåke (CR)**, **storspove (EN)** og **laks (NT)** med høg verdsetting, men desse vil ikkje bli nemneverdig påverka av vassuttaket. Etablering av brønnar med tilhøyrande pumpehus og avgrensa inngjerding vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, gitt at tiltaket plasserast slik at kantsona ikkje blir forringa.

NVE har også sett påverknaden frå vassuttaket i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Det er ikkje registrert andre brønnar med uttak av grunnvatn i Nordre Vartdal. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Vassforskrifta

I Vann-Nett er grunnvassførekomsten registrert med ID 095-776-G Nordre Vartdal. Miljø- og kjemisk tilstand er god. Førekomsten er registrert med middels grad påverking av jordbruk, og det er ikkje planlagt førebyggjande tiltak.

Storelva /Nordrevartdalselva nedre del har vassførekomst ID 095-44R. I Vann-Nett er elva registrert som ein sterkt modifisert vassførekomst med dårleg økologisk potensial, og det skildrast at tiltak er naudsynt for å nå godt potensial. Årsaka til dette er at elva er forbygd og flaumsikra over lengre



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

strekningar. Dette blei gjort mellom 1961 og 1981, og det er antatt at dette går ut over produksjonen av anadrom fisk i vassdraget.

NVE meiner at uttak av grunnvatn ikkje vil påverke den gode miljøtilstanden til grunnvassførekomsten, og så lenge kantvegetasjon ikkje vert påverka vil tiltaket heller ikkje forringe det økologiske potensialet i elva.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Brønnane er planlagt langs kanten av eit fulldyrka jorde mellom Storelva/Nordrevartdalselva og fylkesvegen, 200 m oppstrøms E39. Det er ikkje registrert stiar langs elva, og brønnane vil ikkje vere godt synlege i landskapet eller forringe området nemneverdig.

Ev. klausulering av brønnområdet vert ikkje vurdert av NVE, men vi antar at det framleis kan drivast jordbruk på området rundt brønnane. NVE meiner at vassuttaket ikkje vil påverke dyrkingsforholda på jordet.

Kulturminne

Kulturminnesøk 26.11.2025 viser ingen registreringar i tiltaksområdet. Fylkeskommunen i Møre og Romsdal uttalar i innspel at dei ynskjer ei felles synfaring med tiltakshavar slik at dei kan vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering på staden.

Naturfare

Brønnane ligg på ei flaumslette, der det normalt vil bli flaum med jamne mellomrom. Det vil derfor vere viktig å tette brønnane mot innsig frå overflate og sikre brønntoppene mot inntrenging av vatn frå overflata.

Vasskvalitet og vassforsyning

I gjeldande konsesjon frå 2021, er det tillate uttak av grunnvatn nede på Vartdalsstranda, men det er problematisk at brønnane er påverka av saltvatn. Dei nye brønnane ligg ca. 250 m lenger oppe i dalen. Mattilsynet seier i si fråsegn at dei ikkje har motteke opplysningar om prøvepumping, om det er utført analysar som viser vasskvalitet, eller om kjelda har god nok kapasitet til å vere reservevasskjelde. Videre opplyser dei om at dette er ein føresetnad for å kunne etablere reservevassforsyning.

NVE vurderer ikkje kvaliteten på vatnet. Brønnane vil erstatte brønningar som er prega av inntrenging av saltvatn. Desse brønnane må takast ut av bruk, då det ikkje er tillate å forringe grunnvatnet med inntrenging av saltvatn, jf. vassressurslova § 44.

Samfunnsmessige fordelar

Flytting av brønnane lenger opp i dalen vil truleg bidra til at vassuttaket ikkje blir påverka av saltvatn. Dette vil sikre Vartdal Plast AS tilstrekkeleg med ferskvatn, samstundes som kjelda sikrar ei sekundær vassforsyningsløysning for Vartdal vassverk. Mattilsynet støttar VD Eiendom Vartdal AS sine planar, og meiner vassverket vil vere betre rusta til å møte utfordringar i framtida når reservevassforsyninga er etablert. Ørsta kommune er einig i dette, og skriv i sitt innspel at planane vil løyse vassforsyningsutfordringa for bygdene langs Vartdalsstranda.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE meiner etablering av dei omsøkte brønnane vil sikre reint og trygt drikkevatt til befolkninga i Vartdal, samt at arbeidsplassar ved Vartdal Plast AS sikrast gjennom ein påliteleg produksjon.

Oppsummering

VD Eigedom Vartdal AS har sidan 2021 hatt løyve til uttak av grunnvatn til kjøling i forbindelse med produksjon av plastemballasje. To brønner er bora på Vartdalsstranda i Nordre Vartdal, og vatnet blir ført til fabrikkken ca. 2 km lenger sør via ein vassleidning i sjøen. Med tida har det vist seg at saltinnhaldet er problematisk i kjøleprosessen, og dei søker difor om å flytte brønnane ca. 250 m lenger opp i dalen. Dei planlegg no at vassuttaket skal vere frå tre brønner som ligg på eit fulldyrka jorde mellom Storelva/Nordrevartdalselva og fylkesvegen. I gjeldande konsesjon har dei løyve til å ta ut 15 l/s i inntil 4 månader i året, og det er ikkje planlagt å endre dette. Dei søker om ein ny konsesjon fordi formålet med vassuttaket delvis er endra, med at vasskjelde i tillegg til kjølevatt, også skal fungere som reservevasskjelde til Vartdal vassverk.

Ørsta kommune påpeiker at tiltaket vil vere i strid med gjeldande arealføremål og det må søkast dispensasjon etter plan- og bygningslova for gjennomføring av tiltaket. Både kommunen og Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig at tiltaket ikkje forringar kantsona langs elva, men utover dette er dei samstemte med Mattilsynet og meiner det er viktig at bygdene på Vartdalsstranda får tilgang til nok og sikker vassforsyning.

NVE kan ikkje sjå at endra plassering av brønnane vil påverke grunnvassførekomsten nemneverdig, og meiner det er positivt at kommunen får på plass ei reservevasskjelde samstundes som arbeidsplassar ved fabrikkken vert sikra.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne fråsegna meiner NVE at fordelane av det tiltaket som det er søkt om er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev VD Eiendom Vartdal AS løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn med inntil 15 l/s i inntil 4 månader i løpet av året. Vassuttaket gjeld forsyning av kjølevatt til Vartdal Plast AS. Brønnane kan òg nyttas til reservevassforsyning til det lokale vassverket. Løyve gjeld berre sjølve vassuttaket og brønnane. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. NVE vurderer berre nytting av vassressursane i denne saka. Fysiske inngrep knytt til tiltaket må vurderast av kommunen etter plan- og bygningslova før tiltaket kan setjast i verk. Ørsta kommune opplyser om at det må søkjast dispensasjon for gjeldande arealformål for gjennomføring av tiltaket.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Uttak av grunnvatn

Det gis løyve til VD Eiendom Vardal AS å ta ut grunnvatn inntil **15 l/s** og **2200 m³/veke** til industriformål i Nordre Vartdal. Uttaket kan samla skje inntil fire månader i året. Vasskjelda skal i tillegg fungere som **reservevassforsyning** til Vartdal vassverk. Dersom det oppstår eit kapasitetsproblem, skal Vartdal vassverk prioriterast.

Uttak av grunnvatn skal avgrensast til det grunnvassmagasinet toler, jf. vassressurslova § 44.

Konsesjonæren er forplikta til å redusere, eventuelt stoppe uttak dersom det registrerast uforutsette negative konsekvensar av tiltaket.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar berre grunnvassuttaket. NVE sitt miljøtilsyn skal godkjenne dei nye planane for måling, registrering og dokumentasjon av samla vassuttak og kontrollmålingar av grunnvassnivå. .

Tabellen under prøver å summere føringar og krav som ligger til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stader i dokumentet som ikkje har kome med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet er gjeldande.

Grunnvassbrønner	Tre brønner, innanfor det området som er vist i søknaden, kan nyttast. Brønner med tilhøyrande inngjerding skal ikkje forringe kantvegetasjonen, og ikkje vere til urimeleg hinder for drift av jordet til landbruksformål. Dersom kommunen gjev dispensasjon frå arealformålet, skal dei gamle brønnane på Vartdalsstranda leggjast ned. I gjeldande konsesjon frå 2021, seier vilkår nr. 8 at dersom drifta opphøyrer, pliktar eigar å bringe tilbake området til den same tilstanden som før anlegget blei etablert. Plan for nedlegginga av brønnane skal godkjennast av NVE. Endeleg nedlegging dokumenterast og varslast til NGU.
Største vassuttak	15 l/s og 2200 m³/veke. Uttaket kan samla skje inntil 4 månader i året. VD Eiendom Vardal AS kan nytta vatnet til industriformål.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

	Vassuttaket skal i tillegg fungere som ei reservevasskjelde for Vartdal vassverk. Uttaket skal ikkje vere høgare enn 15 l/s. Dersom det oppstår eit kapasitetsproblem, skal vatn til vassverket prioriterast. NVE sitt miljøtilsyn skal godkjenne plan for måling, registrering og dokumentasjon av samla vassuttak og kontrollmålingar av grunnvassnivå.
Avbøtande tiltak	Fysisk arbeid i samband med etablering av brønnane skal ikkje forringe kantvegetasjonen langs Storelva/Nordrevartdalselva.

Det er i tabellen gjeve i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Hydrologiske undersøkingar

Konsesjonæren skal etter nærmare bestemmelse av NVE utføre dei hydrologiske observasjonar som er nødvendige for å ivareta det offentlege sine interesser og stille materialet til disposisjon for det offentlege.

Post 6: Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan påleggast å utføre og bekoste etterundersøkelser av tiltaket sine virkningar for berørte interesser. Undersøkelsesrapportane med tilhøyrande materiale skal stillast til rådighet for det offentlege. NVE kan treffe nærmere bestemmelse om kva undersøking som skal utførast og kven som skal utføre dei.

Post 7: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. post 3 i vilkåra).

Andre forhold

Det føreligg privatrettsleg avtale mellom VD Eigedom Vartdal AS og Vartdal vassverk som omhandlar fordeling av vatn og utgifter i samband med planane. Det føreligg også privatrettsleg avtale mellom VD Eigedom Vartdal AS og grunneigar Leif Andreas Vartdal.

NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.